

SAK 26/15 SØKNAD OM TILSKOT, «FOLKESONG I HALLINGDAL»**Saksopplysning**

I søknad til kommunane i Hallingdal dat. 9.2.2015 (vedlegg 1) blir det søkt om kr. 25.000 frå kvar kommune til bokutgjevinga «Folkesong i Hallingdal». Bak bokprosjektet står Gunnlaug Lien Myhr. I brev til Regionrådet for Hallingdal dat. 22.1.2015 (vedlegg 2) blir det stilt spørsmål om Regionrådet for Hallingdal kan stå bak utgjevinga av bokprosjektet.

Når det gjeld spørsmål om Regionrådet for Hallingdal kan stå som utgjevar av bokprosjektet har dette vore drøfta på generelt grunnlag tidlegare, haldninga har vore at Regionrådet for Hallingdal i utgangspunktet ikkje skal ta på seg denne rolla. Unntaket var «Historia om Hallingdal», men det var regionrådet si bok. Når det gjeld spørsmål om økonomisk tilskot er det reist spørsmål om dette ikkje er eit bokprosjekt som Regionrådet for Hallingdal kan støtte, i staden for den einskilde kommune.

Gunnlaug Lien Myhr såg tidleg at det var lite skriftleg materiale og plateutgjevingar av den vokale folkemusikken i Hallingdal. Ho har i mange år arbeid med å samle vokale folkemusikk frå Hallingdal. Dei siste 3 åra har Gunnlaug Lien Myhr arbeidd på heiltid mykje av tida, med tanke på eit bokprosjektet. No ligg materialet klart for utgjeving:

- 570 transkripsjonar
- Om lag 100 kjelder (dei eldste er født på slutten av 1700-talet og dei yngste på slutten av 1900-talet)
- Alle dei ulike sjangrane innafor folkesongen er med.
- Kjeldene representerer alle 6 kommunane i Hallingdal

Det blir opplyst at totalbudsjettet for eit opplag på 600 bøker vil vera på om lag 150.000.

Vurdering

«Folkesong i Hallingdal» er eit innsamlings- og bokprosjekt. Det blir i søknaden sagt at: «Materialet som ligg føre er ei skattekiste for regionen. For skulane, barnehagane, kulturskulane og for alle som arbeider med song og musikk, er dette ei gavepakke.» Dette er dagleg leiar heilt samd i. Frå ein situasjon der Hallingdal hadde svært lite nedteikna har Gunnlaug Lien Myhr gjort ein stor innsats for å samle inn eit omfattande materiale, med plan om ei bokutgjeving. Regionrådet for Hallingdal får ofte spørsmål om tilskot til bokutgjevingar av ulike kategoriar og omfang. «Folkesong i Hallingdal» er eit bokprosjekt som etter dagleg leiar sitt syn vil vera med på å lyfte fram folkesong frå Hallingdal, for mange som arbeidar med song og musikk. I tillegg er materialet sikra for ettertida, noko som ikkje kan reknast om i kroner og øre.

Når det gjeld totale kostnader for bokprosjektet er utan tvil eigeninnsatsen mange gonger større enn det som det er søkt om tilskot til.

I forhold å stå som utgjevar av bokprosjektet meiner dagleg leiar at Regionrådet for Hallingdal ikkje skal ta på seg denne rolla.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 150.000 til bokprosjektet «Folkesong i Hallingdal», og at tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
2. Regionrådet for Hallingdal vil gje honnør til Gunnlaug Lien Myhr for den innsatsen som er gjort for å samle inn vokal folkemusikk frå Hallingdal, og ynskjer lukke til med bokutgjevinga.

Ål 17.5.2014

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Søknad til kommunane i Hallingdal, dat. 9.2.2015

Vedlegg 2: Førespurnad til Regionrådet for Hallingdal om bokutgjeving

Martin Myhr
Nyhusmov. 7
3579 Torpo

Martinmyhr@aolnorge.no
911 94 081

Torpo, 9. februar 2015.


Ål Kommune
Torget 1
3570 Ål

Søknad om støtte til bokutgjeving

Vedlagt finn de prosjektbeskriving og søknad om støtte til utgjeving av bokverket «Folkesong i Hallingdal»

Søknadssum: 25000,-

Vennleg helsing



Martin Myhr

Folkesong i Hallingdal

Gunnlaug Lien Myhr (f. 1961) starta med folkesong i tenåra. Ein av utfordringane ho støtte på var å finne lokalt stoff. Slåttemusikken og bygdedansen har stått sterkt i Hallingdal. Folkesongen derimot har ikkje fått same fokuset det siste hundreåret.

På slutten av 1970-talet var det ikkje gjeve ut noko folkesong frå Hallingdal verken skriftleg eller på plate. Og utøvarar i levande live høyrde ein heller ikkje. Ho oppdaga difor at det ikkje var så enkelt. På 1980-talet starta ho, saman med Heidi Løvlund og Kari Lønnestad frå Bø i Telemark, gruppa «Tiriltunga». Dei to hadde mykje stoff frå sine heimtraktar, medan Gunnlaug til tider måtte seta melodiar til tekstar ho fann i bygdebøker. Då kunne ho få høyre frå kollegaene: «Har de ikkje nokon songtradisjon i Hallingdal?» (Underforstått -då ein må laga ting sjølv.)

Gunnlaug begynte etter kvart å leite i lokale, regionale og nasjonale arkiv. Og det viste seg at det fanns både noter like attende til midten av 1800-talet (L. M. Lindeman) og gamle arkivopptak. Først var motivasjonen å finne stoff til eige bruk og til plateutgjevingar, og ho gav ut fleire cd-ar på 1980- og 1990-talet. Den siste solo-cden («Perler på ei snor») kom ut i 2004 og vart nominert til spelemannsprisen. Men tilfanget av vokal folkemusikk frå Hallingdal auka stadig, og gjennom åra mogna ideen om å samle alt materialet ho hadde frå heile Hallingdal i ei eiga bokutgjeving.

Dei siste 3 åra har arbeidet verkeleg skote fart, og mykje av denne tida har det vorte arbeidd på heiltid med prosjektet. No ligg materialet klart for utgjeving.

- 570 transkripsjonar

-Om lag 100 kjelder (dei eldste er født på slutten av 1700-talet og dei yngste på slutten av 1900-talet)

-Alle dei ulike sjangrane innafor folkesongen er med.

-Kjeldene representerer alle 6 kommunane i Hallingdal.

Materialet som ligg føre er ei skattekiste for regionen. For skulane, barnehagane, kulturskulane og for alle som arbeider med song og musikk, er dette ei gåvepakke. I tillegg gjev tekstane spennande tidsbilete frå ulike tider. Eit av måla med utgjevinga, er at det skal vera enklare for framtidige kvedarar og finne lokalt stoff til arbeidet sitt.

Eit slikt verk vil også bli møtt med interesse frå folkemusikkmiljøet landet over.

Det er lagt ned mange årsverk i arbeidet som for det meste har vorte utført idealistisk.

Totalbudsjettet for eit opplag på 600 bøker vil vera på 150000,-, og Arne Kjeldstadli i Bokstav og Bilde As i Drammen er spurd om å gjera det faglege arbeidet. (Han har mellom anna produsert Historia om Hallingdal 2014)

Dette arbeidet burde vera av stor interesse for kommunane i Hallingdal, og vi finn det riktig å søke om **kr. 25000,-** frå kvar kommune.

Det vil dekke utgiftene ved utgjevinga. Det vil bli søkt om midler frå fleire, og skulle det koma inn noko kan det bli eit redaktørhonorar for Gunnlaug.

Ho har hatt nokre stipend opp gjennom åra, men har lagt ned minst 3 årsverk utover det til ein samla verdi av meir enn 1 million kroner. Ei fin gåve til Hallingdal.

Torpo, 9. februar 2015.

Martin Myhr martinmyhr@aolnorge.no 91194081

Den vokale folkemusikken i Hallingdal

Gunnlaug Lien Myhr (f. 1961) starta med folkesong i tenåra. Ein av utfordringane ho støtte på var å finne lokalt stoff. Slåttemusikken og bygdedansen har stått sterkt i Hallingdal. Folkesongen derimot har ikkje fått same fokuset det siste hundreåret.

På slutten av 1970-talet var det ikkje gjeve ut noko folkesong frå Hallingdal verken skriftleg eller på plate. Og utøvarar i levande live høyrde ein heller ikkje. Ho oppdaga difor at det ikkje var så enkelt. På 1980-talet starta ho, saman med Heidi Løvlund og Kari Lønnestad frå Bø i Telemark, gruppa «Tiriltunga». Dei to hadde mykje stoff frå sine heimtraktar, medan Gunnlaug til tider måtte seta melodiar til tekstar ho fann i bygdebøker. Då kunne ho få høyre frå kollegaene: «Har de ikkje nokon songtradisjon i Hallingdal?» (Underforstått -då ein må laga ting sjølv.)

Gunnlaug begynte etter kvart å leite i lokale, regionale og nasjonale arkiv. Og det viste seg at det fanns både noter like attende til midten av 1800-talet (L. M. Lindeman) og gamle arkivopptak. Først var motivasjonen å finne stoff til eige bruk og til plateutgjevingar, og ho gav ut fleire cd-ar på 1980- og 1990-talet. Den siste solo-cden («Perler på ei snor») kom ut i 2004 og vart nominert til spelemannsprisen. Men tilfanget av vokal folkemusikk frå Hallingdal auka stadig, og gjennom åra mogna ideen om å samle alt materialet ho hadde frå heile Hallingdal i ei eiga bokutgjeving.

Dei siste 3 åra har arbeidet verkeleg skote fart, og mykje av denne tida har det vorte arbeidd på heiltid med prosjektet. No ligg materialet klart for utgjeving.

- 570 transkripsjonar

-Om lag 100 kjelder (dei eldste er født på slutten av 1700-talet og dei yngste på slutten av 1900-talet)

-Alle dei ulike sjangrane innafor folkesongen er med.

-Kjeldene representerer alle 6 kommunane i Hallingdal.

Materialet som ligg føre er ei skattekasse for regionen. For skulane, barnehagane, kulturskulane og for alle som arbeider med song og musikk, er dette ei gåvepakke. I tillegg gjev tekstane spennande tidsbilete frå ulike tider. Eit av måla med utgjevinga, er at det skal vera enklare for framtidige kvedarar og finne lokalt stoff til arbeidet sitt.

Eit slikt verk vil også bli møtt med interesse frå folkemusikkmiljøet landet over.

Det er lagt ned mange årsverk i arbeidet som for det meste har vorte utført idealistisk.

Spørsmålet til Regionrådet er difor om det er av interesse for rådet å stå bak ei slik utgjeving?

Totalbudsjettet for eit opplag på 600 bøker vil vera på om lag 150000,-, og Arne Kjeldstadli i Bokstav og Bilde AS er spurd om å koma med eit tilbod. Arbeidet med å søke støtte til utgjevinga er godt i gang, og vi trur det skal vera mogleg å få inn mykje frå både lokale og nasjonale støttespelarar.

Torpo 22. januar 2015

Martin Myhr